Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2

Fylke: Sogn og Fj.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Vik

Emne: Transport av höy.

Bygdelag: Vik. Arnafjord. Kvamsöy

Oppskr. av: Tor Hovland

Gard:

(adresse): Vik i Sogn

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga röynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1) Dei 3 bygdelagi innan Vik herad, Vik, Arnafjord og Kvamsöy, har halde på utmarkesleåtten, so det idag vert slegi mest same areal som i eldre tider, stölsgjerder og. I dei seinare åri har likevel dei största brûki gått over til å nytta ein del av utmarki til kulturbeite, og fylgjeleg har utmarkesleåtten minka noko der.
Terrenget innan Vik herad er brattlendt, og stort sett går transporten for seg med löypestreng, på Viksmål „line". (Sjölve transporten på lina heiter „lining". Fleire brûk har kosta seg lina saman, og småbrûkarar og husmenn får låne grannen si line, om dei ikkje har sjölve.

2)

Höyet vert aldri sett i stakk, alltid lagt i löe. Turrhöyet vert som regel bori til löa i byrdetau, i utmarka vert sjeldan brûka hest til å köyre med. Det råe graset frektar ein fram til hesja (hesi) ved anten å bera det i tau eller dra det på sloe. Å „sloa" graset er mykje brûkt, der det er bratt.

677

Ein lesser då fyrst på framme, og vidar sloen utover etterkvart ein lesser baketter, på den måten kan ein ta fleire byrder på ein sloe. På sloen brukar ein ikkje tau tie å gyrde med.
Kippeband vert og nytta. Ein lagar då gjerne ei lykkje i eine endan (den granne?) og dreg tjukkenden gjennom. Ein kan og ta tak om begge endane og bera byrdi i fanget eller slengja henne på aksli.
Å laga ei god turrhöybyrd er rekna for litt av ei kunst. Höyet vert tilmåta i „fengjer" („eit fang" adeill tie ei „fengje"), det må leggjast beint på tauet og såleis at tyngdi av byrdi kjem nedast og nærast ryggen. So må ho ha vakkert skap. (Ei vakker höybyrd spår at ein får seg ei vakker kone) Den som hjelper beraren med å reisa seg med byrdi, står attanfor. Tauet vert knede over eine skuldri. Det finst ei bratte garder at dei må knoda tauet mellom tennene for å bruka hendene tie å klöva seg fast med i mark og runnar.
Det er skam å missa höyet or tauet („byrdi datt av") då er ein ikkje „giftande". Er byrdi gjælt skeiv, så må ein gå stilt og varleg („som brui når ho skal tie kyrkje") (Det siste ordlaget er etter bestemor mi, Solveig Tveit, som døydde i 1921. 93 år gamal)
Det er og skam å få „kjerringhelde": gyrda byrdi slik at helda tek bort i nakken eller halsen når ein ber.

677

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

I gamle tid brūka dei å laga höy=
podder av grov not, dei vart mest
brūka til rått höy. Å bera både rått
höy og turrt höy i sekk, er enno
adskillig nytta, helst med stutt höy
i fjellslåtter.

3)

Höyet vert mest alltid frakta heim
på vinterføret.

4)

På flatt terreng vert nytta firhjula vogn
med höge grindar. På meir ūjamnt
terreng brūker ein langkjerre, med og
ūtan grindar. Hjulslede er ikkje kjent
her i bradet. På vintersledane har
ein i den siste mannsalder gått
over til jarnskoning.
Höyvogni eller langkjerra har vorte
nytta til kornköyring og. Ein la då
på sume stader eit segl (presenning) i
botnen på vogni, so ikkje aksi skulle
spillast. Hadde ein ikkje noko slikt, la
ein kornet på ein serskilt måte. Fyrst
eit lag med kornband på langs på kjerra,
soleis at halmen i sine bandet låg
bortpå aksi i dei fyrste bandi. I resten
av lasset la dei bandi på tvers med
halmen ūt. Når dei la heile stauren
på kjerra, la dei ein staur til kvar
side, så aksi kom midt i lasset, så
drog dei stauren ut og gyrde med
höytaug.
Etter gamalt skal det vera gildt
med eit stort lass tileslūtt. Her i bradet



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

4

har dei vore nöjne med å skrapa vel saman alle rester tilslutt. Det er synd å slöyva. Når ein tok höyet av trekesjar, så skulle ein „pryla" hesi): fara over henne med ei bûske, for å få alle strå og dottar med.

Lasset vert fest med höytoug. Dei gamle höytenger var laga av ei heil-vaksi klöft, no er dei laga av to parrallelle bord bundne saman med tverrstykke i endane. Ein gyrder med gyrdetaû. Hovuda på eit gyrdetaû er mykje större og sterkare enn på eit byrdetaû. Gjerne er ho laga av eit heilvokse emne, anten grein eller rot.

5)

Ved fellesslått vart höyet delt i byrder. Dei köyrde gjerne heim höyet samstundes. Eigaren på hovûdbruket eller störste bruket fastsette tid.

6)

Transporten av höyet om vinteren går helst for seg ved „lining". (Sjå under punkt 1.) Er det „seterhöy", har ein då hest med og köyrer höyet fram til lina (til „stasjonen") Så vert det lagt i passelege tunge byrder og hekta til lina ved stålkrok eller trinse.

Elles vert også köyring frå utmarki brûka i einskilde grender. I Vik hovûdsaklig snart alltid på gardane Hoppestad, Skjeren, Tryti, Hove, Hoestad, Höûsi m.fl.

Dei nyttar då slede. Denne er stor, med 3 flûtor på. På lessestaden



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

högg dei sloar (ungtre av older eller
björk eller hasl) og legg langsetter
sleden. Sloane rekk eit godt stykke
attafor sleden. Lasset vert bygt opp av
„fenggje" og gyrdt med högtaug og
tverrgyrdingar utaupå att. Er det
bratt, må dei bruka bremseapparat.
„å henkja". Dei heng ein kjetting eller
ei vidje kring eine meien.
Ein köyrer og höylass med drog.
Ei drog eller eit dråg – er ei „skåk"
som er laga slik at attarste enden
skal slepa på marki. Når ein legg
sloe på drogi, så har den ein
föremon for sleden at ein kan nytta
henne i ujamnt og til dels svært bratt
terreng.
På ymse gardar har dei „tradisjons-
bundi" tid då höyet skal vera heimkome.
På Seimsgardane t. d. skal det vera
heimkome til jul. Dagane er då stutte,
og dei reiser heimanfrå gjerne i 7 tidi
om morgonen for å vera framkomne til
lessestoden til dagsljoset kjem.
Snöbrauti kan vera svær, og dei
må bröyta veg, helst med å
bruka spade eller „reka", ein
trespade som er brei og laga til
dette bruket. Det hender og i
sume vintrar at issvellane kan
vera so svære at dei må binda
eit langt taum i lasset og både
1 og 2 mann gå attafor og halda
att.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

677